



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 19.03.2019
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 10:00 - 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
005/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/2019	Godkjenning av møtebok
007/2019	Referatsaker
008/2019	Orienteringssaker
009/2019	Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

Notat frå møtet:

005/2019: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

006/2019: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Protokoll frå førre møte manglar i politikarportalen

Vedtak:

007/2019: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

008/2019: Orienteringssaker

Behandling:

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte kort om at konkurransegrunnlag for utlysning av prosjektleiar til nytt Nærings- og tenestesenter snart er klart.

Ordfører orienterte om kuttforslag frå Statens vegvesen ang fv 569 ,rammetiltak Modalen, i Nordhordlandspakken. Kostnadsoverslag for alle dei foreslegne utbetringane er på ca 4,4 mill, medan kostnadsramma er 2 mill kr. Ordfører viste kva tiltak som er foreslått kutta for å klare å holde kostnadsramma.

Ordfører orienterte om søknad frå Modalen næringsbygg ang akjekapitalutviding ved retta emisjon. Ordfører lagar sak som vert lagt fram for vedtak i kommunestyret.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

009/2019: Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om saka og svara på spørsmål

Vedtak:

Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.
